



Rektor Vidar Haugland med timeplanen som blir innført frå neste skuleår. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eit stort fleirtal av dei som var med i ei spørjeundersøking gjekk inn for ny timeplan ved skulen i Uskedalen frå hausten. Difor vil alle elevane frå neste skuleår gå på skulen fem dagar i veka, frå klokka 8.20 til 13.50. No har alle frå første til og med fjerde klasse skule i fire dagar medan femte, sjette og sjuande klasse går fire heile dagar og fram til klokka 12.15 på onsdag.

Alle dei andre skulene i Kvinnherad har undervisning fem dagar i veka. Det hadde også Uskedalen tidlegare og reduksjonen til fire kom på grunn av utgiftene til skuleskyss. Men den omlegginga som skal skje no vil ikkje gje auka skyssutgifter.

No har dei yngste 23 timar undervisning kvar veke og det blir hektisk for dei når denne tida er pressa inn på fire dagar.

Omlegginga av timeplanen har vore gjennom ein grundig demokratisk prosess. Under eit foreldremøte der 40 deltok fekk framlegget frå rektor om omlegginga ei blanda mottaking og fleire ynskte ei spørjeundersøking.

Den vart gjennomført i regi av FAU og omfatta alle foreldra til skuleelevane, foreldra til dei eldste i barnehagen og nokon ekstra foreldre i barnehagen.

Det kom inn 61 svar og av dei var 45 for og 13 i mot den nye timeplanen medan tre svara at det ikkje spelte nokon rolle for dei.

Seinare har den lokale lærarorganisasjonen sagt ja til framlegget.

- Etter dette var i grunnen mitt val enkelt, seier rektor Vidar Haugland til uskedalen.no.

Han strekar under at omlegginga både vil gje betre læringstid og lengre og betre pauser og gjentek argumenta for ein ny timeplan:

- Det blir betre læringstid, med kortare økter og lengre pauser imellom dei (pausene blir to timar pr. dag for 1.-4. klasse og halvannan time pr. dag for 5.-7. klasse).
- Kortare undervisningstid kvar dag.
- Meir tid til fysisk aktivitet

- Meir tid til frikopling fra undervisning
- Meir ro i pausetida
- Tid til å leika ferdig
- Elevane blir meir vane med skule når han er kvar dag,

Etter omlegginga er det viktig at pausene blir gjort meningsfylte og gjer fornya arbeidslyst. Dei må ha varierte aktivitetar og gje nødvendig avkopling frå undervisninga.

Av Ola Matti Mathisen